



## RÅDSMEDLEMMENE OG RÅDMANNSFORUM

### INNKALLING TIL FELLESMØTE I HARDANGERRÅDET ORDFØRAR OG RÅDMENN

Dato: Fredag 08.11.2024

Klokka 09.00-15.00

Stad: Formannskapssalen på Ullensvang rådhus, Odda

Møteplan 2024 for Hardangerrådet, godkjent 28.09.2023 gjeld som møteinnkalling.

#### Agenda:

09.00 - 09.45	Hardanger og Voss Museum v/ direktør Åsmund Kristiansen og nestleiar Solfrid Borge
10.00 - 10.30	Mulighetsstudie for frukt og sidersenter v/dagleg leiar Anna Gursli Langesæter, Siderklynga
10.30 - 11.00	Husbanken v/ seniorkonsulent Siri Erdal
11.30	Lunsj
12.30 - 15.00	Sakshandsaming Hardangerrådet og Rådmannsforum

#### Saker til handsaming:

HR-sak 25/24 Meldingar

HR-sak 26/24 Museum på Bu og budsjett HVM frå rådmannsforum

HR-sak 27/24 Felles saksutgreiing vedr. støtte til hovedprosjekt:” Regional reiselivsstrategi for Hardanger “

HR sak 28/24 Uttale til Vestland fylkeskommune vedrørende nedlegging av kollektiv tilbud i Hardanger

HR-sak 29/24 Orienterings- og drøftingssaker

- **Forvaltningsplan Hardangerfjorden**  
Orientering om arbeidet så langt.Søknad skjønnsmildar er sendt av Eidfjord kommune på vegne av kommunane.
- **Hardingtinget 2025**

Forfall må meldast Hardangerrådet v/Trude Rinaldo tlf 53 67 14 50  
Varamedlemmene møter etter særskild innkalling.

Kinsarvik 28.11.24

Timo Knoch /s  
rådsordfører

Trude Rinaldo  
konsulent



Møtedato 08.11.2024

Saksansvarleg Trude Rinaldo

**HR-sak 25/24 Meldingar**

Melding 1: Tilsetjing ny dagleg leiar i Hardangerrådet iks

Melding 2: Ny partnerskapsavtale med VLFK og Hardangerrådet iks

## P R E S S E M E L D I N G

### NY DAGLEG LEIAR I HARDANGERRÅDET

Styret i Hardangerrådet iks har tilsett **Ann Irene Eliassen Myrheim** i stilling som ny dagleg leiar i Hardangerrådet iks.

Ann Irene Eliassen Myrheim er f.t. busett i Kalvåg i Bremanger og er 56 år. Ho har vore tilsett i ulike leiarstillingar i Bremanger sidan 2005, og er i dag tilsett i Bremanger kommune som leiar for næring / eigedomsskatt / reiseliv.

Ho har også røynsle som næringskonsulent ved Odda Næringsråd, og frå ulike stillingar i Elkemkonsernet, m.a. i Ålvik og Bremanger. Ann Irene Eliassen Myrheim har brei arbeidserfaring og kompetanse i tilrettelegging for privat og offentleg næringsutvikling, og ho har delteke i samarbeidsprosjekt med Vestland fylkeskommune og Innovasjon Norge. Erfaringa og kompetansen hennar oppfyller dei tre hovudområda for Hardangerrådet iks,; Politisk samordning og påverknad, kommunalt tenestesamarbeide og næringsutvikling.

Ho er utdanna som diplomøkonom (Bachelor) frå NHH, med tilleggsutdanning innan sosiologi, og mellomfagstudie innan industri og organisasjon med statistikk frå NTNU.

Som ny dagleg leiar i Hardangerrådet vil Ann Irene Eliassen Myrheim vera svært sentral som koordinator mellom dei fire Hardangerkommunane sine ordførarar og rådmenn.

Styreleiar Jon Olav Heggseth er svært glad for at så mange velkvalifiserte søkjarar viste interesse for den utlyste stillinga og at Ann Irene Eliassen Myrheim har takka ja til å ta imot tilbodet frå Hardangerrådet iks. Kontorstaden til Hardangerrådet er i Kinsarvik. Den nye daglege leiaren tek til i stillinga i januar 2025.

Kinsarvik, 01. oktober 2024

Jon Olav Heggseth

Styreleiar HR iks

Mob.tlf. 90956912

---

**Saksnr:** 2024/9536-5  
**Saksbehandlar:** Marianne Bugge

---

## Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkesutvalet		19.09.2024

## Ny partnerskapsavtale - regionråda og Vestland Fylkeskommune

### Forslag til vedtak

- Fylkesutvalet godkjenner samarbeidsavtalane gjeldande for perioden 2024 til og med 2027 med dei fem regionråda i Vestland; Fjordane regionråd, Sogn Regionråd, Sunnhordlandsrådet, Hardangerrådet og Region Nordhordland.
- Regionråda får utbetalt driftsstøtte kr 600 000,- kvart år i avtaleperioden, føresett vedtak om finansiering i fylkeskommunen sine årlege budsjett.

### Samandrag

Fylkeskommunen og Regionråda har hatt samarbeidsavtale som gjekk ut den 31.12.2023. Det ligg no føre eit forslag til ny samarbeidsavtale som er planlagt skal gjelde i 4-års perioden 2024-2027. Avtalen legg føringar for samarbeidet dei neste fire åra. Råda sine plikter og ansvar er utvida og tydeleggjort i høve tidlegare avtale, samstundes som det årlege tilskotet er dobla. Avtalen ivaretek føremålet om å styrka samarbeidet mellom rådet og fylkeskommunen for ei berekraftig utvikling i fylket.

**Rune Haugsdal**  
fylkesdirektør

**Bård Sandal**  
direktør  
Næring, plan og innovasjon (NPI)

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

### Vedlegg

- 1 utkast samarbeidsavtale Fk og regionråda 040724

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Føremålet med samarbeidsavtalane er å styrke samarbeidet mellom regionråda og fylkeskommunen for å fremje ei berekraftig utvikling, og arbeid om felles utfordringar og mål. Samarbeidet skal vere med grunnlag i styrande dokument, og for fylkeskommunen er dette utviklingsplanen og underliggjande regionale planar. Den førre avtalen mellom regionråda og Vestland fylkeskommune var to-årig og gjekk ut 31.12.2023.

I forslag til ny samarbeidsavtale er ansvarsområda oppsummert slik:

- Fylkeskommunen yter eit årleg økonomisk tilskot på kr 600 000,-
- Begge partar skal informere kvarandre om viktige arrangement og synleggjere samarbeidet på relevante arenaer
- Samarbeida om å identifisere og løyse felles utfordringar innan område som oppvekst, klima og miljø, infrastruktur, arealforvaltning, næringsutvikling og samferdsel
- Regionråda kan dra nytte av ressursar og kompetanse som fylkeskommunen og fylkeskommunen sitt nettverk rår over
- Regionråda gir høyringsuttalar til regionale planar, temaplanar og strategiar, og kan bidra i prosessen med å utarbeide planane der dette er aktuelt
- Regionråda deltek i aktuelle nettverk, forum og råd i regi av fylkeskommunen, og referat og oppfølging skal forankrast i Regionrådet

Fylkeskommunen har i budsjettet for 2024 sett av kr 3 mill til Regionråda, som blir likt fordelt på Regionråda. Dette gir eit auka årleg tilskot frå kr 300 000 til kr 600 000. Avtaleperioden er 4 år. I avtalen er det lagt opp til minst to årlege møte mellom dei fem Regionråda og fylkeskommunen for å diskutera framdrift, utfordringar og nye moglegheiter. Eitt av møta skal vere med politisk deltaking frå fylket. Fylkeskommunen kan delta administrativt som observatør i møte i Regionråda. Politisk og administrativ leiing kan delta i aktuelle enkeltsaker.

### Vedtakskompetanse

Fylkesdirektøren har delegert fullmakt til å signere avtalar med regionråda.

### Medverknad

Avdelingsdirektørane har hatt høve til å kome med innspel til avtalen. Det er òg halde møte med dagleg leiarar for dei fem regionråda i Bergen den 22.05.24. Der vart samarbeidet og utkast til samarbeidsavtalane diskutert. I etterkant har alle regionråda handsama avtaleutkastet i rådsmøta.

### Vurderingar og verknader

Godt samarbeid med regionråda er viktig for å sikre kopling mellom visjonar, mål og tiltak i fylket og i regionane. Avtalen legg føringar for samarbeidet dei neste fire åra. Råda sine plikter og ansvar er utvida og tydeleggjort, samstundes som det årlege tilskotet er dobla. Avtalen ivaretek føremålet om å styrka samarbeidet mellom rådet og fylkeskommunen for ei berekraftig utvikling i fylket.

### Administrative/økonomiske konsekvensar:

Årleg tilskot til regionråda vert finansiert innanfor ramma til avdeling for næring, plan og innovasjon. Kan potensielt spare fylkeskommunen for ressursar, då ein i nokre saker kan venda seg til regionråda istadenfor til alle kommunane i fylket.

### Klima:

Både fylkeskommunen og regionråda som representerer kommunane i Vestland har målsetjingar og strategiar knytt til å styrka arbeidet med klima og naturmangfald. I eit samarbeid kan dette området styrkast mellom region- og kommunenivå.

**Folkehelse:**

Både fylkeskommunen og regionråda som representerer kommunane i Vestland har målsetjingar og strategiar knytt til betra folkehelse. I eit samarbeid kan dette området styrkast mellom region- og kommunenivå.

**Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):**

Eit godt samarbeid med regionråda bidreg til betre kopling mellom fylkeskommunen og regionane i fylket. I mange samanhengar vil det vere føremålstenleg å henvenda seg til regionråda som samla organ for regionen sine kommunar. Eit godt samarbeid med regionråda vil derfor vere viktig for Utviklinga i tråd med Utviklingsplan for Vestland.

**Konklusjon**

Fylkesdirektøren har fullmakt til å godkjenne partnerskapsavtalar med regionråda, men for å sikre ei felles forståing for korleis løyvinga blir brukt, ønskjer fylkesdirektøren å forankre avtalane i fylkesutvalet. Det er lagt opp til partnerskapsavtalar som skildra i saka, og eit utkast til avtale er vedlagt. Fylkesdirektøren legg til grunn at avtalen - slik den er formulert - ivaretek intensjonane bak fylkestinget sitt budsjettvedtak i sak PS-FT 116/2023.



Møtedato 08.11.2024	Saksansvarleg Trude Rinaldo
---------------------	-----------------------------

**HR-sak        26/24    Museum på Bu og budsjett HVM frå rådmannsforum**

**Vedlegg:**

Dokument frå saka Forprosjekt Bu museum frå kommunestyret i Eidfjord:

Link: [Vedlegg forprosjekt Bu museum](#)

**Sakshandsaming**

Særutskrift frå sakshandsaminga til Eidfjord kommune:

**“Forprosjekt Bu museum**

Eidfjord kommune har i budsjett og økonomiplan 2024 – 2027 gjort fylgjande vedtak:  
«Kr. 100.000 Løyving til Hardanger og Voss Museum til forprosjekt om Bu museum.»

Det vert lagt opp til dialog om vidare prosess i Hardangerrådsmøtet.

**Framlegg til vetak:**

Ingen framlegg til vedtak i saka.



Møtedato 08.11.2024	Saksansvarleg Trude Rinaldo
---------------------	-----------------------------

**HR-sak 27/24 Felles saksutgreiing vedr. støtte til hovedprosjekt regional reiselivsstrategi for Hardanger ved Visit Hardangerfjord.**

**Vedlegg:  
Søknad frå Visit Hardangerfjord**

### **Saksutgreiing**

Hardangerkommunane saman med Kvinnherad kommune ønskjer at Visit Hardangerfjord skal gjennomføra hovedprosjektet, regional reiselivsplan for Hardanger.

Til grunn for anbefalingane er søknaden med prosjektbeskrivelse frå Visit Hardangerfjord. (Vedlagt)

Visit Hardangerfjord har søkt Vestland fylkeskommune, Sparebankstiftinga Hardanger, Sparebankstiftinga i Kvinnherad i tillegg til Hardangerkommunane og Kvinnherad kommune. Totalt har dei søkt om støtte på kr 1 900 000.

Hardangerrådet drøfta denne saka på Hardangerrådsmøtet 12.09.2024, etter presentasjon frå både dagleg leiar og styreleiar i Visit Hardangerfjord. Rådet var tydelege på at dei ønskjer dette prosjektet gjennomført.

Prosjektet har allerede fått kr 450 000 frå fylkeskommunen, og ventar på svar frå Sparebankstiftinga Hardanger. Sparebankstiftinga i Kvinnherad har avslått.

Slik er forslaget til fordeling av stønad frå kommunane. Fordelingsnøkkel frå Visit Hardangerfjord. Ein eventuell stønad frå Sparebankstiftinga vil koma til fråtrekk med same prosentnøkkel for kvar av kommunane.

Kommune	2025
Eidfjord kommune: 20%	290 000
Kvam herad: 20%	290 000
Kvinnherad kommune 10%	145 000
Ullensvang kommune 30%	435 000
Ulvik herad 20%	290 000
Totalt	1 450 000

### **Framlegg til vedtak:**

Hardangerrådet oppmodar kvar av Hardangerkommunane og Kvinnherad kommune å innvilga inntil summen oppgitt her for kvar part. Ein eventuell stønad frå Sparebankstiftinga vil koma til fråtrekk med same prosentnøkkel for kvar av kommunane.



## Søknad om støtte til hovudprosjekt regional reiselivsstrategi for Hardanger

Visit Hardangerfjord starta i 2020 eit forprosjekt for ein reiselivsstrategi som skulle inkludere heile regionen, med kommunane Eidfjord, Ulvik, Ullensvang, Kvam og Kvinnherad. Gjennom forprosjektet vart det gjennomført ei kartlegging av noverande situasjon, i tillegg til framtidsutsikter om korleis ein såg for seg reiselivet i Hardanger på kort og lang sikt.

Vestland fylke vart tidleg engasjert i prosjektet og bidrog med finansiering for gjennomføring av forprosjektet. Hardangerrådet var og ein sentral samarbeidspartnar i prosjektet. Mimir var engasjert som prosjektfasilitator, og dei var og ein av hovudleverandørane til den nasjonale reiselivsstrategien, [Sterke Inntrykk med små avtrykk](#), eit arbeid leia av Visit Norway.

Forprosjektet for regional reiselivsstrategi for Hardanger vart fullført sommaren 2022, men utover dette har Hardanger i dag ingen regional strategi for reiselivsnæringa. Hardanger er og ein av få regionar som manglar ei sertifisering gjennom Innovasjon Norge si [merkeordning for berekraftig reisemål](#). Eit av kriteria for igangsetjing av sertifisering som berekraftig reisemål, er at reisemålet bør ha ein plan eller strategi for reiselivsutvikling (strategisk grunnlag) som tydeleg set retning, då dette er eit krav som skal innfriast i løpet av prosjektfasen. Det skal liggje føre ein offentleg tilgjengeleg reisemålsstrategi som er fleirårig, har eit breitt berekraftfokus, er utvikla i ein involverande prosess, og som er basert på eit mål om auka berekraft og god besøksstyring. Strategien skal vere fulgt av ein handlingsplan med årleg rullering.

Reiselivsnæringa i Hardanger har opplevd stor vekst dei siste 10 åra, noko som har medført fleire nye moglegheiter, men og nye utfordringar for næringa.

Visit Hardangerfjord oppfattar eit uttalt behov frå både næringsliv og kommunar om å få på plass ein samlande strategi for regionen. Ein reiselivsstrategi for Hardanger vil og vere grunnleggjande for utviklinga av ei reisemålsleiing i tråd med [NOU 2023:10 Leve og Oppeve](#).

[Reisemålsutvalet \(2021\)](#) definerer reisemålsleiing til å handle om å definere og koordinere utviklinga av eit meir berekraftig reiseliv på reisemålet. Reisemålsleiinga er ei breitt samansett gruppe med deltakarar frå privat, offentleg og frivillig sektor og eventuelt andre aktørar i lokalsamfunnet, som samarbeider for å oppnå visjonen og måla for reisemålet

Visit Hardangerfjord, det regionale destinasjonsselskapet i Hardanger, ynskjer å utarbeide og iverksette ein regional reiselivsstrategi som skal danne grunnlag for berekraftig utvikling av reiselivet i Hardanger. Basert på gjennomført forprosjektet i 2022, ynskjer Visit Hardangerfjord no å gjennomføre hovudprosjektet som skal leggje føringar for vidare reisemålsleiing av eit berekraftig reiseliv i Hardanger.

## Bakgrunn og behov for prosjektet

Visit Hardangerfjord (VHF) har over tid ønska at selskapet, i samarbeid med Hardangerkommunane, skal ta eit leiande ansvar for å utvikle ein ny, overordna reiselivsstrategi for regionen.

Forprosjektet frå 2022 peika på følgjande viktige kriterium for hovudstrategien (Visit Hardangerfjord, Mimir, 2022):

- Løyse ut potensialet for Hardanger som reisemål.
- Balanse mellom regionalt og kommunalt nivå.
- Marknadsbasert, men tilpassa lokalsamfunna.
- Gje Hardanger ein posisjon som eit leiande reisemål i Noreg.
- Rammeverk for felles utvikling.
- Heilskapleg perspektiv og berekraft.
- Lønsemd og attraktive arbeidsplassar.
- Bidra til at bedrifter og reisemål vinn på sine respektive konkurransearenaer.
- Utnytte reiselivs- og industritradisjonen.
- Ivareta forventningar til god forvaltning og destinasjonsleiing.

Viktige premisser:

- Innovasjon Noreg si merkeordning «Berekraftige reisemål».
- Vestland fylkeskommune sitt besøksforvaltingsprosjekt.
- NOU om reisemålsutvikling og besøksforvaltning i norske kommuner, leia av Trine Skei Grande.

Relevante problemstillingar for hovudstrategien vil vere korleis regionen skal skape auka lokal verdiskaping, nye stabile heilårsarbeidsplassar, auka opphald og lågare utslepp per gjest, og vidare korleis ein kan leggje til rette for investeringar i berekraftige løysingar innan reiselivsnæringa og samtidig styrkje økonomien i bransjen.

Det er eit stort behov for omstilling, digitalisering og grøn næringsutvikling tilpassa kommande generasjonar i bransjen. Nye aktørar skaper nye moglegheiter, utfordringar og disrupsjon i bransjen. Delingsøkonomi, til dømes AirBnb-overnatting, utfordrar etablerte samarbeidsmodellar i reiselivet. Nye digitale forretningsmodellar og kundesegment spring fram etter covid, og ein har ikkje same føreseielegheit i talet på besøkande til kva stad og tid. Makrofaktorar spelar i større grad ei rolle i utviklinga av destinasjonen.

## **Prosjektskildring**

### **Resultatmål**

Visit Hardangerfjord ynskjer å etablere og forankre ein regional reiselivsstrategi i privat og offentlig sektor i regionen, for å sikre ei berekraftig utvikling av reiselivet i Hardanger.

Visit Hardangerfjord ynskjer å forankre reiselivsstrategien basert på vidareutvikling av referansegrupper frå forprosjektet som representerer både næringsliv og offentlig sektor i regionen. Vi ynskjer òg i større grad å inkludere lokalbefolkninga for å oppnå ein god medverknadsprosess og brei lokal forankring. Visit Hardangerfjord vil gjennomføre dei anbefalte hovudaktivitetane definert i forprosjektet. Hovudprosjektet vil leggje til rette for berekraftssertifisering av reisemålet.

### **Effekt mål**

Etablering av ein regional reiselivsstrategi med brei forankring i Hardanger-regionen. Strategien er akseptert og implementert i Hardanger-kommunane og reiselivsnæringa i regionen og adresserer sentrale suksessfaktorar for vidare utvikling av reiselivsnæringa. Destinasjonen startar arbeidet med berekraftssertifisering.

### **Aktivitetar i prosjektperioden**

Aktivitetane i hovudprosjektet er utleidd frå gjennomført forprosjekt. Desse er:

*HA 1: Mål og KPI-ar.*

Overordna mål og ambisjon for reiselivsstrategien. Indikatorar (KPI-ar) for å måle utviklinga framover. Fortrinnsvis basert på opplysningar som er lett tilgjengelege og som kommunane/reiselivet sjølv kan fremskaffe allereie, eller som blir tilgjengelege gjennom arbeidet med nasjonal monitor.

*HA 2: Overordna strategi/grep for Hardanger som opplevingsregion/reisemål.*

Skildring av overordna strategi og hovudgrep for Hardanger. Herunder òg overordna vurdering av dei ulike besøksmåla/opplevingsregionane sitt potensial og rolle i ei framtidig utvikling. I dette ligg òg ei overordna avklaring på kva område som toler, treng og/eller kan tilretteleggast for meir intensiv bruk.

*HA 3: Auka lønsemd gjennom meir heilårig attraksjonskraft.*

Innsiktsinnhenting og workshops for å utvikle nye produkt og konsept, særleg med mål om å utvikle nye sesongar. Overordna om marknader/målgrupper og framtidig posisjon.

*HA 4: Infrastruktur og tilgjengelegheit.*

Innsiktsinnhenting, workshops, utviklingsprosjekt for infrastruktur, tilgjengelegheit, grøn mobilitet. Vinn-vinn med betre tilbod for lokalbefolkninga. Sjå etter moglegheiter for kobling mot Vestland fylkeskommune sitt innsatsområde Grønn region Vestland.

*HA 5: Arbeidskraft, rekruttering og opplæring.*

Tiltak for å auke reiselivets status som arbeidsplass, bidra til rekruttering og behalde arbeidskraft. Sjå både på bedriftsinterne og næringsretta tiltak, men òg kommunal infrastruktur som eigna bustader osv.

*HA 6: Besøksforvaltning til beste for natur, kultur og lokalsamfunn.*

Sjåast i samanheng med HA 2 samt Vestland fylkeskommune sitt besøksforvaltingsprosjekt. Skal bidra til å sikre forsvarleg utvikling òg på innbyggjarane sine premisser. Eventuelle tiltak i strategiprosessen bør utfylle fylkeskommunen sitt prosjekt, ikkje duplisere. Dersom det ikkje vert gjort i regi av det fylkeskommunale prosjektet, bør det gjennom reiselivsstrategien gjennomførast ei innbyggjarundersøking.

*HA 7: Organisering for gjennomføring.*

Avklare kva slags organisering som er hensiktsmessig for effektiv gjennomføring av strategien. Diskutere og tydeleggjere ansvars- og rolledeling mellom Visit Hardangerfjord, kommunar, regionråd og turistkontor. Målet må vere at organiseringa samla sett dekkjer både "Marketing og Management", at ein får på plass ei effektiv destinasjonsleiing samt løysingar for robust finansiering.

## **Prosjektorganisering og forankring**

Ein grunnleggjande premiss er at strategien for Hardanger skal utviklast og operasjonaliserast innanfor ramma av den nasjonale reiselivsstrategien ”Sterke inntrykk med små avtrykk” som blei ferdigstilt våren 2021. Denne har ein ambisjon om at reiselivet både skal auke si eiga lønsemd, ta ut sitt potensial som jobbskapar og bidragsytar til gode lokalsamfunn, samt vere ein aktør i det grønne skiftet og FNs berekraftsmål.

Det overordna målet med strategien bør vere å løyse ut Hardanger sitt potensial som reisemål. Dette betyr å styrkje bedriftene sin konkurransevne og heilårige attraksjonskraft slik at dei kan oppnå auka lønsemd og gjennom det bidra til lokal verdiskaping, attraktive arbeidsplassar og gode lokalsamfunn gjennom berekraftig utvikling av reiselivet. Ein reiselivsstrategi for regionen må ligge til grunn for å kunne starte opp sertifiseringa av Hardanger som berekraftig reisemål, dette er eit krav frå Innovasjon Noreg.

## **Kapasitet og kompetanse**

Eit kritisk punkt for gjennomføring er tilstrekkeleg kapasitet i prosjektarbeidet. Dette blir ivareteke ved å engasjere heiltids intern prosjektleiar, samt ekstern prosjektfasilitator. VHF er prosjekteigar for prosjektet i samarbeid med Hardanger-kommunane.

Visit Hardangerfjord innehar spisskompetanse på marknadssituasjonen for reiselivet i regionen, verdikjedekompetanse og nødvendig internasjonalt og nasjonalt nettverk til å sikre kvaliteten på ein slik prosess.

Ein annan kritisk suksessfaktor for prosjektet blir utvikling av metode for implementering av reiselivsstrategi i offentleg og privat næring i regionen.

## **Tids-/milepælsplan**

3.kvartal 2024 - oppstart av prosjektet. Definere prosjektet, engasjere fasilitator og annen naudsynt kapasitet.

4.kvartal 2024 - gjennomføring av arbeidsmøter med styrings- og referansegrupper.

1./2.kvartal 2025 - informasjonsinnhenting og gjennomføring av analysearbeid.

1./2.kvartal 2025 - sammenstilling av prosjektet.

3./4.kvartal 2025 – implementering av strategien.

2./3. kvartal 2025 – oppstart sertifisering av Hardanger-regionen som berekraftig reisemål.

### Kostnadsplan

Tittel	2024	2025	2026	2027	2028	SUM
Eksterne analyse	250 000	100 000				350 000
Informasjonsinnhenting og forankring i regionen	200 000	100 000				300 000
Prosjekt ledelse og utførelse	400 000	400 000				800 000
Styrings – og referansegrupper for næring og offentlig	100 000	100 000				200 000
Utarbeidelse og implementering		250 000				250 000
<b>Sum kostnad</b>	<b>950 000</b>	<b>950 000</b>				<b>1 900 000</b>

### Finansieringsplan

Tittel	2024	2025	2026	2027	2028	SUM
Hardangerrådet/Hardanger-kommunene	950 000	950 000				1 900 000
<b>Sum finansiering</b>	<b>950 000</b>	<b>950 000</b>				<b>1 900 000</b>

Visit Hardangerfjord søker med dette Hardangerrådet om kr 1.900.000 til finansiering av regional reiselivsstrategi.


Mvh

Andreas Skogseth

Reiselivsdirektør / CEO

Visit Hardangerfjord AS

Dato: 16.06.2024.



Møtedato 08.11.2024

Saksansvarleg Trude Rinaldo

**HR sak 28/24 Uttale til Vestland fylkeskommune vedrørende nedlegging av kollektiv tilbod i Hardanger**

**Forslag til uttale:**

Til

Fylkesordførar og Fylkesdirektør i Vestland fylke

Alle medlemmer i fylkestinget i Vestland

Postmottak i Vestland fylkeskommune

## **Uttale frå Hardangerrådet vedr. kutforslag for ferjesambandet Kinsarvik - Utne og Turistbåtruta på Hardangerfjorden**

Hardanger er ramma med svært omfattande kutforslag i fylkesdirektøren sitt budsjettforslag for 2025. Dei kutforslaga som rammar regionen mest negativt er:

- Nedlegging av ferjesambandet Kinsarvik - Utne.
- Nedlegging av turistbåtruta på Hardangerfjorden.

Hardanger er den regionen i Vestland fylke som pr. idag har den dårlegaste infrastruktur kva gjeld fylkesvegar og kollektivtrafikk. Den dårlege infrastrukturen påverkar alle som er avhengige veg- og kollektivnettet i regionen. Det gjeld alle innbyggjarar, næringsliv, offentleg sektor og alle besøkjande som vel Hardanger som reisemål i turistsesongen.

Arbeidet med veg mellom Austrepollen og Nordrepollen må halda fram med uforminska styrke. Vidare må arbeidet med Tokagjelet halda fram, slik at begge prosjekta kan realiserast snarast mogeleg. Regionen har dårleg og rasfarleg vegstandard.

Lista over prosjekt og tiltak som bør gjennomførast for å betra situasjonen er lang. Istaden for viktige og naudsynte nye prosjekt inneheld budsjettforslaget kutt i viktige kollektivsamband som vil ramma regionen på ein uakseptabel måte.

Generelle kutt i kollektivtilbod vil også ramma Hardanger som har blant dei dårlegaste kollektivtilboda og dei dårlegaste vegane i Vestland. Difor er det ekstra dramatisk at ein kuttar konkrete kollektivtilbod. Behovet vårt er eit styrka kollektivtilbod.

I høve dei konkrete kuttforslaga vil Hardangerrådet presisera følgjande:

### **Ferjesambandet Kinsarvik - Utne.**

Dette ferjesambandet er ei viktig livsnærve i Ullensvang kommune og vert idag nytta av pendlarar, besøkjande(turistar), næringsliv og offentleg sektor. Sambandet har også ein viktig **beredskapsfunksjon** som omkøyringsalternativ når Rv13 mellom Kinsarvik og Odda tidsvis har vore (og vil verta) stengt pga ras eller rasfare. Seinast for 4 dagar sidan. Alternative omkøyringsvegar for dette ferjesambandet er svært lange og rasfarlege og vil ramma pendlarar, samfunn og næringsliv på ein heilt uakseptabel måte.

Hardangerrådet vil derfor på det sterkaste be fylkestinget om ikkje å ta bort den økonomiske støtta til ferjesambandet Kinsarvik - Utne.

### **Turistbåtruta på Hardangerfjorden**

Denne ruta er frå sesongen 2020 eit spleiselag mellom Vestland fylkeskommune og Hardangerrådet. Ruta er eit viktig tilbod for å besøkje ulike attraksjonar i Hardanger og med sine mange anløpsstader bind ruta heile Hardangerregionen saman og gjer det mogeleg å nå "alle" deler av regionen på ein effektiv og turistvenleg måte.

Reiselivsnæringa i Hardanger aukar i omfang i dette fantastiske fjordlandskapet.

Fruktnæringa, sidernæringa, lokalmattilbod og overnattingsverksemder er i formidabel utvikling.

Fylkeskommunen må bidra til verdiskaping gjennom infrastrukturtiltak og støtte til kollektivtilbod som gjer at ein kan oppleve ikona i Hardanger. Heile Vestland fylke vil tena på det.

Denne båtruta er:

- Eit godt alternativ for kollektiv ferdsle i Hardanger. Eit demokratisk reisetilbod som knyt saman bygdene i Hardanger og knyt oss saman som ein region
- Ruta har vore mye brukt av innbyggjarane i regionen. Men det er turistane som er "berekjelken" i ruta. Men dette er ikkje ulikt fleire av hurtigbåtrutene til Sogn, særskilt i høgsesong.
- Fylket har sørget for lengre driftssesong – et viktig steg for helårsturisme, som er kanskje den største utfordringen næringen har i dag.

Turistbåtruta på Hardangerfjorden var i sterk vekst år for år då pandemien ramma oss i 2020. Med avkorta driftsperiodar i 2020 - 2022 har ruta hatt reduserte passasjertal og med eit svært stort innslag av utanlandske passasjerar er det naturleg at denne turistbåtruta treng ein noko lengre periode for at passasjertala skal koma tilbake til nivået før pandemien.



Hardangerrådet vil på det sterkaste be om at støtte til turistbåtruta på Hardangerfjorden vert vidareført. Dette vil gje reiselivsaktørane den naudsynte forutsigbarheit som krevst for sal og marknadsføring av reiselivsprodukt.

Hardanger, 08.11.2024

Med fruktbar helsing  
frå Hardangerrådet

Timo Knoch  
ordfører Eidfjord kommune  
rådsordfører Hardangerrådet

Roald Aga Haug  
ordfører Ullensvang kommune

Torgeir Næss  
ordfører Kvam herad

Jens Olav Holven  
ordfører Ulvik herad

**Framlegg til vedtak:**

Hardangerrådet vedtek framlagd uttale og sender den til mottakarane i Vestland fylkeskommune.